

---

**Fra:** Anne-Lise Næs Olsen  
**Sendt:** 16. mars 2015 16:30  
**Til:** 'Torunn Johanna Rosnes'  
**Emne:** Utbyggingsavtale 13.3.15 - Plankart - Mjåtveitmarka  
**Vedlegg:** Utbyggingsavtale 13.3.15.pdf

Hei.

Me har 11.03.2015 motteke framlegg til revidert utbyggingsavtale frå Dykk, og me har 13.3.2015 motteke oppdatert plankart for Mjåtveitmarka.

Me har sett gjennom utbyggingsavtalen og gjort nokre små rettingar. Me har presisert pkt. 5.2 ang. miljøstasjonar, og innhaldet i dokument om kommunal overtaking av veg av 16.07.2012, er fletta inn i utbyggingsavtalen.

Rettingane er i raud skrift, og med bed om tilbakemelding på at De er einige i utbyggingsavtalen slik den her ligg føre innan 18.3.2015, då med klargjer for kunngjerigar 25. mars.

Når det gjeld plankartet, så har me ikkje fått sett gjennom alt enda, men me finn at De ikkje har ført på nødvendig stigning på veg, kurvatur, skjeringar og fyllingar, og dette er særleg prekært når det gjeld tilkomst til området B1-B4. Me viser til vårt dokument av 5.12.2014 ang. dette. Dette må vere på plass i plankartet som skal liggje til grunn for vidare utbygging. Me arbeidar elles vidare med å sjå gjennom plankartet her hos oss, og vil kome attende til Dykk dersom me finn meir som er utegløynt.

*Med venleg helsing*

Anne-Lise Olsen  
Fagansvarleg Plan  
Tlf. 56171000/1173  
e-post: [anne.lise.olsen@meland.kommune.no](mailto:anne.lise.olsen@meland.kommune.no)

